

---

**Fra:** Karl Atle Taule <atle@ing-taule.no>  
**Sendt:** 18. juni 2015 09:08  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Anne Lise Molvik  
**Emne:** VS: Tiltak på gbnr 196/148- arkivsak 14/6009.  
**Vedlegg:** 20150618070441270.pdf; 20150618090046419.pdf; 20150618072005982.pdf

**Viktighet:** Høy

Viser til epost med svar nedafor, samt ettersend dokumentasjon.

**Med vennlig hilsen**

**Ing. Taule AS**

Kvassnesveien 33 – 5914 Isdalstø

Tlf. 56 35 85 55- Faks 56 35 85 56



*Karl Atle Taule*

Daglig leder

Mob. 908 66 010

[atle@ing-taule.no](mailto:atle@ing-taule.no)

---

**Fra:** Karl Atle Taule  
**Sendt:** 18. juni 2015 09:06  
**Til:** 'Anne Lise Molvik'  
**Emne:** SV: Tiltak på gbnr 196/148- arkivsak 14/6009.

Godmorgon.

Eg var på informasjonsmøte vedk. nye byggjereglar med Nh digital på Folkehøgskulen på Frekhaug då du ringde i går og kunne difor ikkje svare.

Har i dag sjekka det du etterlyser og sender vedlagt:

- Kopi av kjøpekontrakt med tidlegare eigarar, Terese Birkeland og Joar Teigland, av 196/148- datert 5. mai i år. Det er skrive ut skøyte. Dette vert ikkje tinglyst på Ing. Taule AS, men på den/dei som kjøper bustaden. Dette er ein mykje brukt praksis for å spare dokumentavgift på mellombels eigar og redusere kjøpesummen i vidare sal.
- Vedlegg for tiltakets ytre rammer må ha komme bort ved utsending og følg vedlagt her.

- Vedlagt skjema med signatur frå gjenbuar på 196/146 – 1 til og med 12, eks nr 9, frå Nordhordland Utvikling DA (ikkje AS) og for nr 9 v/ Eirin Lie Sætre. Dersom de krev signatur frå sambuar til Sætre kan vi ettersende denne i kveld eller morgon tidlig.
- Vi håpar då at all dokumentasjon er på plass og at vi kan få løyve så snart som mulig.

Med vennlig hilsen

Ing. Taule AS

Kvassnesveien 33 – 5914 Isdalstø

Tlf. 56 35 85 55- Faks 56 35 85 56



**TAULE**  
ING. TAULE AS

*Karl Atle Taule*

Daglig leder

Mob. 908 66 010

[atle@ing-taule.no](mailto:atle@ing-taule.no)

---

**Fra:** Anne Lise Molvik [<mailto:anne.lise.molvik@lindas.kommune.no>]

**Sendt:** 17. juni 2015 19:20

**Til:** Karl Atle Taule

**Emne:** Tiltak på gbnr 196/148- arkivsak 14/6009.

Til Ing. Taule AS

Gjeld tiltak på gbnr 196/148, arkivsak 14/6009

Eg viser til samtale med deg 16. juni vedkomande status i saka. Etter å ha gjennomgått mottatte dokument i saka ber eg om tilbakemelding på følgjande:

- Det er gjort greie for at dykkar føretak har kjøpt tomte søknaden gjeld. Tidlegare eigar er framleis registrert heimelshavar. Det må difor leggjast fram fullmakt frå heimelshavar, eller anna dokumentasjon.
- Kommunen kan ikkje sjå å ha mottatt alle vedlegga til søknaden slik skildra. Opplysningar om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon manglar og må ettersendast.
- Gjenbuar på gbnr 196/146 er ikkje varsla. Vedlagt følgjer naboliste. Kommunen vurderer at det er tilstrekkeleg å varsle Nordhordland Utvikling AS og eigar av seksjon 9 i dette høvet, evt sameiget for eigedomen dersom slikt er oppretta.

Eg prøvde å ringa deg i dag, men du var opptatt. Sender difor denne e-posten. Eg er mykje opptatt resten av veka, men kan ta kontakt med deg igjen på telefon dersom ønskjeleg. Gje tilbakemelding på e-post.

Tilleggsdokumentasjonen sendast [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

Saka vert handsama ferdig så snart vi mottar tilleggsdokumentasjon slik skildra.

*Mvh*

*Anne Lise Molvik  
Rådgjevar  
Lindås kommune*